

Saksprotokoll i Samferdselsutvalet - 12.11.2014

Silja Ekeland Bjørkly sette fram forslag til nytt pkt 1.

1. Fylkestinget vedtek Klimaplanens handlingsprogram for 2015 slik det går fram av saka med følgande endring: Tema 5 - Strategi C - pkt. 9 endrast til: Innføring av miljødifferensierte bompengar i og kring Bergen.

Gustav Bahus sette fram forslag til endra innstilling.

Tema 5 strategi: Pkt 9 vert å stryka.

Arild Borgen sette på vegne av R, A, SP fram forslag til nye pkt.

- 5) Fylkestinget ynskjer ei raskare innfasing av utsleppsfri motorteknologi for kollektivtrafikken (jmf tiltak 5.16)
 - a) Framlegg til milepæler for redusert utslepp av Klimagass og lokal luftforureining for kvart andre år frå 2015/16 frem til 2025.
 - b) Ny anbudsrunde for kollektivtilbudet i Bergensregionen skal leggje til grunn at Trolleybusnettet vert utvida i tråd med forslaga i Trolleybusmeldinga og få inn Euro 6 motorteknologi med bruk av biogass.
 - c) Plan for utviding av trollebusnettet frå Paradis og Indre Sædal til Birkelundstoppen og frå Strandkaaien til Oasen vert lagt fram for politisk handsaming før sommaren 2015.
- 6) Fylkestinget er positiv til tidsdifferensierte bompengar i Bergen. Ordninga bør gje ekstra inntekter til drift av kollektivtilbudet.
- 7) Pkt 5.8 Pådrivar for redusert reisetid med tog Bergen-Oslo vert ikkje tatt ut av planen.
- 8) Fylkestinget ber om at all planlegging av Rullebane 2 på Flesland vert stoppa

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag til innstilling pkt 1 vart vedteke mot 2 røyster (FRP).

Silja Ekeland Bjørkly sitt forslag til nytt pkt 1 fekk 4 røyster (H) og fall.

Gustav Bahus sitt forslag til endra pkt 1 fekk 2 røyster (FRP) og fall.

Fylkesrådmannen sitt forslag til innstilling pkt 2-4 vart samrøystes vedteke.

Arild Borgen sitt forslag til vedtak pkt 5 vart vedteke med 8 røyster (R, A, SP, KRF, V)

Arild Borgen sitt forslag til vedtak pkt 5a fekk 7 røyster (R, A, SP, KRF) og fall.

Arild Borgen sitt forslag til vedtak pkt 5b fekk 6 røyster (R, A, SP) og fall.

Arild Borgen sitt forslag til vedtak pkt 5c fekk 6 røyster (R, A, KRF) og fall.

Arild Borgen sitt forslag til vedtak pkt 6 fekk 7 røyster (R, A, SP, KRF) og fall.

Arild Borgen sitt forslag til vedtak pkt 7 vart vedteke med 8 røyster (R, A, SP, KRF, V).

Arild Borgen sitt forslag til vedtak pkt 8 fekk 1 røyst (R) og fall.

Innstilling

1. Fylkestinget vedtek Klimaplanens handlingsprogram for 2015 slik det går fram av saka.
2. Økonomisk ramme for klimaplanens handlingsprogram for 2015 (klimabudsjettet) blir handsama i Fylkesbudsjettet for 2015.
3. Førebels fordeling av middel frå klimabudsjettet på dei einskilde tiltaka er basert på kostnadsanslag og går fram av handlingsprogrammet.
4. Fylkesrådmannen får fullmakt til å gjere mindre vesentlege justeringar.
5. Fylkestinget ynskjer ei raskare innfasing av utsleppsfri motorteknologi for kollektivtrafikken (jmf tiltak 5.16)
6. Pkt 5.8 Pådrivar for redusert reisetid med tog Bergen-Oslo vert ikkje tatt ut av planen.